



Jazzverket under øving med Nils Jansen i Nerhuskjellaren.

Jazzverket har vore ein flott utviklingsarena for unge lovande musikarar. Blant dei som har hatt mange gode stunder med denne flotte gjengen frå Nerhus-kjellaren er uskedelingane Vegard Døssland, Sindre Aksnes og Aleksander Rebaudo. Men Jazzverket har og spela med mange store jazznamn, og laurdag 5. november har dei med seg saxofonisten Nils Jansen på scenen i Kulturhuset Husnes.

Under kuturfestivalen i februar var det jazzkro på scenen i kinosalen. Då hadde dei med seg den danske stjernesaxofonisten Christina Dahl. Scenen eigna seg svært godt og det vart intim og god krostemming. Laurdag er Jazzverket tilbake, og denne gongen har dei med seg ein annan topp jazzmusikar. Det er saxofonist og musikalsk trollmann, Nils Jansen. Jansen er opphavelig frå Haugesund, men jobbar som frilansmusikar med Oslo som base. Han er kjent som ein brilliant jazzmusikar og har spelt med kjende band som Søyr, Radiostorbandet, Trygve Seim Ensemble, Magni Wentzel Kvintett, m.fl.

I tillegg har han jobba mykje i studio med musikk til plater, film, reklame og kringkasting i svært ulike sjangrar. Han jobbar også ofte ved Det Norske Teatret og spelar jazz for barn med Rikskonsertane.

Svært få spelar så mange typer treblåseinstrument som Nils Jansen. Mange av dei har han bygd om til sitt bruk, andre er tilverka spesielt til han av instrumentmakarar i Tyskland og Nederland. Instrumentsamlinga hans tel opp mot 40 blåseinstrument.

I tillegg til tenorsaxofonen vil Nils ta med til Husnes eit uvanleg utval instrument. Fløyte og sopransaxofon har ein jo høyrte om, men kva med bassaxofon, bassfløyte, taragott og piccoloklarinett?

Jazzverket har jobba med nye låtar og dei seier at dei kanskje må hente fram eit par nye instrument for anledninga? Men heilt kva som kjem til å skje, det veit dei først på konserten ettersom jazzmusikk først og fremst handlar om improvisasjon. Dei stiller med sitt faste band som er Ananda-Gopi Storegjerdje(sang), Ivar Baste(flygel), Stein Haugen(kontrabass) og Torkjell Nerhus(trommer). Ein svært dyktig kvartett! Dei lovar å gjere det dei kan for å skape god stemning i «caféen» på scena i kinosalen denne kvelden. Det betyr at publikum får ein super kveld!



Jazzverket sin faste besetning: Ananda-Gopi Storegjerde, Torkjell Nerhus, Stein Haugen og Ivar Baste.
Ansvarleg arrangør er Kulturhuset Husnes i samarbeid med Husnes Jazzklubb.

Tekst og nett: Thor Inge Døsland
Foto: Jazzverket(Pressefoto)